



## Lotterinemnda

# Vedtak i Lotterinemnda 13. juni 2019

### Sak

**2019/0003 Vindafjord Turlag – org. nr. 917 191 573 – klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon**

**Til stades:** Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

### Bakgrunn for saka

Vindafjord Turlag (klagar) søkte 30. august 2018 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2017.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om å avslå søknaden 27. september 2018, med grunngjeving at klagar er eit underledd av Den Norske Turistforening, og difor ikkje kan söke på sjølvstendig grunnlag.

Klagar klaga på vedtaket 16. oktober 2018. Klagar held fram at dei ikkje var godt nok kjent med ordninga om meirverdiavgiftskompensasjon og at dei ikkje var klar over at dei måtte söke via sentralleddet. Samstundes var det mykje nytt for den relativt nystarta foreininga å setje seg inn i. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjøre om vedtaket. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet 2. januar 2019 vart sendt til Lotterinemnda.

### Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, som er oppheva, men som gjaldt på søknadstidspunktet.

Av forskrifta § 6 første ledd går det fram at det i «organisasjoner som består av flere organisasjonsledd, skal søknaden fremmes av organisasjonens sentralledd på vegne av hele organisasjonen. Underledd som er tilknyttet et sentralledd, kan ikke söke på selvstendig grunnlag.»

I forskrifta § 3 første ledd bokstav b er eit lokalledd definert som «en juridisk selvstendig enhet på lokalt plan som organisatorisk og/eller gjennom vedtekter har tilknytning til regionalledd og et sentralledd.»

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka

#### Postadresse

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

#### Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

**Lotterinemnda si vurdering**

Vindafjord Turlag si klage gjelder Lotteritilsynet sitt vedtak 27. september 2018 om å avslå søknad om meirverdiavgiftskompensasjon.

Vindafjord Turlag er eit underledd av Den Norske Turistforening, og kan difor ikkje søke på sjølvstendig grunnlag, jf. forskrifta § 6 første ledd. Det er klagar sitt ansvar å setje seg inn i reglane for kompensasjonsordninga. Dette gjelder sjølv om organisasjonen er nystarta. At eit underledd må søke gjennom sitt sentralledd går og fram av Lotteritilsynet sine heimesider.

**Konklusjon**

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfestat Lotteritilsynet sitt vedtak.

**Vedtak**

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

*Dokumentet er godkjent elektronisk*